

DET NORSKE TEATRET



K15g 161070



DET NORSKE TEATRET

Gjestespel på
KUNGLIGA DRAMATISKA TEATERN,
Stockholm

„KEISAR JONES”

av
EUGENE O'NEILL

5.-6.-7. oktober 1965

Sjå side 12-13

„GENGANGERE”

av
HENRIK IBSEN

8.-9.-10. oktober 1965

Sjå side 19

Program-omslag: Olaf Thrap-Meyer.



Teatersjef og instruktør: Tormod Skagestad.

KJÆRE

STOCKHOLM-PUBLIKUM!


Det er for Det Norske Teatret ei stor ære å få gjeste Dramaten – denne scene som har gjeve tilreisande så mange lysande teaterkveldar.

Dramaten rangerer for oss blant dei aller fremste teatra i Europa – å gjeste her er derfor ikkje berre ærefullt, men også krevjande. Vi står andlet til andlet med eit publikum som veit kva teaterkunst er, i ein by som er Nordens teaterby framfor nokon.

Endå svenskane er våre nære grannar og frendefolk, med eit språk som skil seg relativt lite frå vårt, er det likevel langt frå Oslo til Stockholm. Teatergjestespel begge vegar kunne kanskje hjelpe til med å gjera avstanden mindre, og vi ser med glede og spaning fram til eit eventuelt Dramaten-besøk i vår hovudstad.

Vi har denne gongen valt å spela to diktarar som i særleg grad kom til å prege vesterlandsk dramatik i vår tidsalder: Eugene O'Neill og Henrik Ibsen. Ein tredje skulle vi meir enn gjerne tatt med: August Strindberg. «Ett drömspel» sto nyleg på vårt repertoire, men kven vågar koma til Stockholm med Strindberg?

Kunsten er ikkje bunden til stad og tid – den spring ut av det menneskeleg allmenne meir enn av det nasjonalt spesielle, sjølv om begge desse element flyt i hop og går opp i ei høgare eining. I eit samspel av impulsar held kunsten seg levande, og i kunsten har alle rasar eit felles fedreland. Og *derfor* kan Earle Hyman, Rikki Septimus, Henryk Tomaszewski og våre egne kunstnarar møtast i intimt samarbeid på scenen.



Eugene O'Neill



DET NORSKE TEATRET

Framsyningar på
KUNGLIGA DRAMATISKA TEATERN

5.-6.-7. oktober 1965

„KEISAR JONES”

av

EUGENE O'NEILL

omsett av IVAR ESKELAND

regi TORMOD SKAGESTAD

dekor og kostyme ARNE WALENTIN

pantomimisk koreografi HENRYK TOMASZEWSKI

lydmontasje FINN LUDT

inspisient REIDAR JAMVOLD

SESONGEN 1965/66



Earle Hyman

EUGENE O'NEILL

OG

„KEISAR JONES”

Framleis står O'Neill som Amerikas dramatikar framfor nokon, enda han døydde som ein bitter mann og nedvurdert diktar. Han drog seg attende frå Broadway og øydela sjølv store delar av det han hadde tenkt som sitt livs hovudverk: ein dramatisk syklus på ni skodespel. Reminisensar av dette monumental-verket om Amerika låg likevel att etter han, og Dramaten i Stockholm fekk den store æra å gje det scenisk liv for første gong: «Touch of a Poet» (spela på Det Norske Teatret i 1959), «More Stately Mansions» (urpremière på Dramaten 1960 i sterkt forkorta form). Men sterkast lyskraft på scenen fekk eit anna etterlate verk: O'Neills siste dramatiske skildring av foreldreheimen – «Long Day's Journey into Night», som han sjølv sa var skrive med blod og tårer (spela på Det Norske Teatret i 1961). Her er ringen slutta, i ei forklara form er han igjen attende til den poetisk-realistiske atmosfære som særpregar



Koreografisk pantomime: Henryk Tomaszewski.

Utdanning som skodespelar og dansar frå Krakow. Grunnla det verdskjende pantomimeteatret i Wroclaw 1956. Mimodramaet vekte veldig interesse. Gjestespel i mange land. Prisar i Moskva og Paris.

hans ungdomsverk frå hav- og hamnemiljø. Imellom ligg ei utvikling der O'Neill er på evig søking etter nye dramatiske uttrykksformer; ein gong grip han attende til antikkens drama, som i «Mourning becomes Electra», der det greske motivet er planta om til amerikansk miljø. Ein annan gong spøker Strindberg i kulissene, eller dei tyske ekspresjonistane, men på scenen kling alltid O'Neills eiga vibrerande røyst. «Emperor Jones» var eit slikt eksperimentdrama, eit uvanleg mysteriespel, ein ekstatisk visjon, ein knapp og suggestiv dramatisk handlingsgang med vide perspektiv. Dominerande hovudperson er USA-negeren Brutus Jones, ein gong konduktør på Pullmann-vogner i Statane før han vart drapsmann og hamna i fengsel og fangelæger som han braut seg ut or og rømde frå.

Når teppet går opp, sit han som keisar over innfødde busknegrar på ei vestindisk øy – som ein Peer Gynt på Marokkostranda sit han på verdsens topp dit han har kome med bløff, kynisme og kald taktikk. Men no slår klokkene for han. Dei innfødde har rømt frå slottet, og dei magiske tam-tam-trommene byrjar låte i jungelen. Brutus Jones har venta denne dagen, og han har nøye planlagt si flukt gjennom urskogen, men det går ikkje lenger etter planen. Han villar seg bort der inne – heile tida høyrst trommene på avstand, men nærare og nærare i aukande tempo, som eit ekko av hans eige hjarteslag. Angesten skaper skrekkvisjonar, halusinasjonar der han i maredraums form lever opp att dramatiske scenar frå sitt eige liv. Men etter kvart som han forvillar seg djupare inn i jungelen og får sine fargerike keisarklede rivne av til skinnen av jungelskogen, blir han eitt med rasen og opplever i visjonar fornedrande stunder i rasens landflyktige liv i Amerika, slavemarknaden i Sør-Statane – og lenger attende, slaveskipet på veg frå Afrika – saman med sine ulykkelege forfedrar svaier han i skipets rytme og syng klagesongar. Til sist er han attende ved sitt opphav. Han møter den inn-

Framhald side 23.



Medisinmann, krokodillegud: Rikki Septimus

VÅRE GJESTER I „KEISAR JONES”

Ein farga amerikansk skodespelar som lærer seg norsk og spelar teater i Noreg – det er eit konkret døme på at teaterkunsten, som all annan kunst, sprengjer landegrensene.

EARLE HYMAN

var 13 år då han såg si første teaterframsyning i Amerika. Det var «Gengangere» av Henrik Ibsen. Han fortel at denne opplevinga gjorde eit slikt inntryk på han at ho vart avgjerande for hans seinare utvikling. Mange år seinare sette han seg til å lære norsk for å kunne lesa Ibsen på originalspråket. Då Earle Hyman kom til Noreg for 3—4 år sidan, hadde han lese ei lang rad norske litterære verk – på norsk. Han kom igjen, denne gongen for å spela si glansrolle frå Amerika, «Othello» – på norsk! Det vart ein lysande suksess for han, og suksessen heldt fram med «Emperor Jones» på Det Norske Teatret hausten 1964.

Earle Hyman er fødd i North Carolina i 1926 og voks opp i Brooklyn. Han byrja som skodespelar på eit teater i Harlem, studerte ved Actors Studio i New York, og er no sjølv lærar ved Herbert Berghof School of Acting, New York. Han har spela ei lang rad roller, særleg på off-Broadway teater, i skodespel av O'Neill og Shakespeare i første rekkje (Hamlet og Othello).

Også

RIKKI SEPTIMUS

har eit internasjonalt namn. Han kjem frå Sør-Afrika og debuterte som dansar i Sadler Wells Theatre Ballett. Seinare har han turnert i Europa med London Festival Ballett og har m. a. spela Bernardo i «West Side Story» i London, og har i Skandinavia gjort seg stadig sterkare gjeldande som jazzballett-pedagog og koreograf m. a. i TV. Hans siste store bragd var regi og koreografi av «West Side Story» i vår på Det Norske Teatret. Denne framsyninga skal han no setja opp i Stockholm denne sesongen.

Framhald side 24.

„KEISAR

Av EUGEN

Omsett av IVA

Regi TORMOD

Pantomimisk koreografi HE

Dekor og kostyme A

Lydmontasje E

Dei som er med:

KEISAR BRUTUS JONES	Earle Hyman
HENRY SMITHERS, cockney-kjøpmann	Øyvind Øyen
GAMAL INNFØDD KVINNE	Dagmar Myrvold
MEDISINMANN, KROKODILLEGUD	Rikki Septimus
AUKSJONARIUS, SLAVEDRIVAR	Ola B. Johannessen
LEM, innfødd hovding	Earlston Wilson
NEGERSLAVAR	Osborn Blyden, Michael Joseph, Henry Marcial, Darryl Paes, Earlston Wilson

Ingen

R JONES”

ENE O'NEILL

VAR ESKELAND

DD SKAGESTAD

HENRYK TOMASZEWSKI

e ARNE VALENTIN

e FINN LUDT


PLANTASJEEIGARAR,
SØRSTATSBORGARAR

Ulrikke Greve,
Elsa Lystad,
Monna Tandberg,
Åsta Voss,
Helge Essmar,
Frank Iversen,
Svein Erik Brodal,
Kåre Wicklund,
Sverre Wilberg

Kostyma er laga på Systova til Det Norske Teatret ved
Randi Skahjem

Skodespelet går føre seg på ei av dei vest-indiske øyane
som enno ikkje er okkupert av kvite sjømenn. Den inn-
fødde styreforma er for tida einveldig keisardøme.

n pause



Henrik Ibsen



DET NORSKE TEATRET

Framsyningar på
KUNGLIGA DRAMATISKA TEATERN

8.-9.-10. oktober 1965

„GENGANGERE”

av

HENRIK IBSEN

til nynorsk ved TORMOD SKAGESTAD

regi GERHARD KNOOP

dekor ARNE VALENTIN

inspisient ARPAD SZEMES

SESONGEN 1965/66



Fru Helene Alving: Tordis Maurstad

IBSEN PÅ DET NORSKE TEATRET

Etter sin føremålsparagraf skal Det Norske Teatret spela på nynorsk, og Henrik Ibsen kunne lenge ikkje førast fram på denne scenen i det heile. Men i 1948 skjedde eit omskifte: Ibsens arvingar gjekk med på å la «Peer Gynt» omsetja til nynorsk. Omkring dette tiltaket reiste det seg ein storm av protestar, men premièren vart ein siger for teatret og for teatersjefen Hans Jacob Nilsen. Same tekst vart lagt til grunn for vår siste oppsetjing av «Per Gynt» som våren 1963 gjesta Dramaten.

«Kongsemnerne» kom på nynorsk, og i 1964 «Gengangere». Den gongen vart det også storm, og visse krinsar ville ha premièren forboden ved lov.

Ibsen har skrive to typar drama: «opne» skodespel, der regissøren får fritt spelerom for sin fantasi til å dikte vidare på scenen: («Peer Gynt» og «Brand»), og «stengde» skodespel der diktaren sjølv har lagt opp regien i scene- og speltilvising, og i dialogen. Det gjeld dei fleste: «Et dukkehjem», «Rosmersholm», «Vildanden», «Gengangere» etc. Dei er med heile sin atmosfære bundne til tid og stad, prega av annan moral og andre sosiale forhold enn dei vi lever under. Men dei fleste av hans personar har allmennmenneskelege, tidlause grunndrag i sitt vesen, som gjer at dei fengslar og fascinerer tvers igjennom dei slør tidsavstanden hyllar dei i. Så blir det opp til regissør og ensemble om dei får fram desse grunndrag, slik at fru Alving og Osvald rykker oss nær og engasjerer oss.



Mor og son.

„GENGANGERE”

Av HENRIK IBSEN

Til nynorsk ved TORMOD SKAGESTAD

Regi GERHARD KNOOP

Dekor ARNE VALENTIN

Dei som er med:

FRU HELENE ALVING	Tordis Maurstad
OSVALD ALVING	Finn Kvalem
PASTOR MANDERS	Harald Heide Steen
SNEKKAR ENGSTRAND	Bjarne Andersen
REGINE ENGSTRAND	Monna Tandberg

Kostyma er teikna av ARNE VALENTIN og laga på Systova
til Det Norske Teatret ved RANDI SKAHJEM


20 min. pause etter 1. akt



Dekorasjon og kostyme: Arne Walentin



Instruktor: Gerhard Knoop.



Frå v.: Fru Alving, pastor Manders og Oswald Alving – Finn Kvalem.


fødde medisinmannen frå Kongo som vil suggerere han inn i krokodillegudens gap, som eit sonoffer.

På denne angestferd gjennom jungelen fell den vestlege sivilisasjons glitter av Brutus Jones, flik for flik, til han kryp naken under medisinmannens bydande, magiske rørsler. Jungelen forvandler seg for våre augo til eit symbol på Brutus Jones' eige indre, på same vis som Dovregubbens hall og Bøygen i «Peer Gynt» blir ytre projeksjonar av Peers sinnsliv.

Ulike som dei er av omfang og atmosfære, handlar «Emperor Jones» og «Peer Gynt» om det same: som Jedermann og andre mysteriespel skildrar dei menneske som bruker sine rike evner til å byggja seg sjølv ei glitrande keisartrone.

Men Nemesis kjem med ein uavvendeleg lagnad, peikar ut vegen mot døden og opphavet – ein dom blir fullbyrda.

Slik har Keisar Jones» eit grunnmotiv som er tidlaust og allmennmenneskeleg. Men på eit sosialt og politisk plan har stykket faktisk større aktualitet i dag enn da O'Neill skreiv det for vel førti år sidan. Den uhyggelege spaninga mellom kvit og farga i Amerika, ei spaning som gong på gong slår ut i blodige samanstøytar, – Afrika i stigande opprør mot kvitt herrevelde, – intuitiv og suggestiv har O'Neill gripe inn i framtida og skildrar problem som i dag kastar skræmmande slagskuggar over verdsens framtid.



Koreografien i «Keisar Jones» er ved

HENRYK TOMASZEWSKI

skaparen og leiaren av det verdskjende Wroclaw Pantomime-teater, som har feira store triumfar, både heime i Polen og på turnéar i Europa og USA. Tomaszewski har vore knytt til Det Norske Teatret i fleire periodar, som lærar i pantomime, som koreograf og sist som regissør («Prosesen» av Franz Kafka).

Kvar på sin måte har desse tre eminente kunstnarane vore inspirerande innslag i arbeidet på Det Norske Teatret. Dette teatret er etter sin føremålsparagraf det sterkast nasjonale i landet. Vi ser det likevel slik at berre i eit samspel med internasjonale impulsar kan det nasjonale kome rikt og fulltonande til uttrykk.

Spelplanen på Det Norske Teatret

1964 — 1965

- «GENGANGERE» av Henrik Ibsen.
Regi: Gerhard Knoop.
- «KEISAR JONES» av Eugene O'Neill.
Regi: Tormod Skagestad.
- «AI, AI FOR EIN ARTIG KRIG» av Theatre Workshop.
Regi: Edith Roger, Barthold Halle.
- «EIT DRAUMSPEL» av August Strindberg.
Regi: Olof Molander.
- «WEST SIDE STORY» av J. Robbins, S. Sondheim,
A. Laurents, L. Bernstein.
Regi og koreografi: Rikki Septimus.
- «PROSESSEN» av Franz Kafka.
Regi: Henryk Tomaszewski.
- «PYGMALION» av Bernard Shaw.
Regi: Finn Kvalem.
- «DER STELLVERTRETER» av Rolf Hochhut.
Regi: Knut M. Hansson.
- «THE KING AND I» av Rodgers & Hammerstein.
Regi og koreografi: Rikki Septimus.
- «PEER GYNT» av Henrik Ibsen.
Regi: Tormod Skagestad.
Koreografi: Edith Roger.

